



UNIVERSITETET I BERGEN

**Universitetet i  
Bergen  
Griegakademiet -  
Institutt for musikk**

**Jobbnorge-ID:** 112243

**Søknadsfrist:** Avsluttet

**Nettside:**

**Omfang:**

**Varighet:**

## Stipendiat i musikkterapi ved Griegakademiet - Institutt for musikk

Ved Griegakademiet - Institutt for musikk, er det ledig ei fireårig stilling som stipendiat i musikkterapi. Tiltreding frå 1.9.2015 eller snarast mogleg.

### Kvalifikasjonskrav

Søklarar må ha oppnådd norsk mastergrad/hovudfag eller tilsvarande utanlandsk grad innan musikkterapi. Søklarar med grad innan andre relevante fagområde kan vurderast dersom prosjektet er innan musikkterapi. Prosjektet vil verte vurdert i lys av forskingskompetansen ved GAMUT - Griegakademiet senter for musikkterapiforskning. Hovudretteleiar vil som regel vere fast tilsett ved instituttet. Det skal gå fram av søknaden kven som har stadfesta å kunne vere hovudretteleiar for prosjektet.

### Om Griegakademiet

Griegakademiet - Institutt for musikk har eit dynamisk og profesjonelt fagmiljø innan utøving og komposisjon, musikkvitenskap, musikkterapi og musikkpedagogikk. Vi er opptekne av å skapa møtepunkt mellom desse tradisjonane og andre humanistiske fag.

Det femårige integrerte masterstudiet i musikkterapi tilbyr både ei praktisk og ei vitenskapelig tilnærming. Faget og forskingsfeltet fokuserer på relasjonar mellom musikk og helse, i kliniske situasjonar og i kvardagskontekstar.

Musikkvitenskapen ved instituttet legg vekt på kunnskap om musikk og musikalsk forståing relatert til kultur- og samfunnsteori i tillegg til nyare innfallsvinklar til musikkvitenskap og mediastudium.

Studium i utøving inkluderer både klassisk, jazz og norsk tradisjonsmusikk. Komposisjonsstudiet har primært fokus på moderne kompositoriske teknikkar og eksperimentell kunstmusikk. Griegakademiet - Institutt for musikk tilbyr også praktisk-pedagogisk utdanning i utøvande musikk (PPU).

Griegakademiet er også partnar i den regionale *Grieg Research School in Interdisciplinary Music Studies*, som samlar doktorgradsstudentar frå fleire utdanningsinstitusjonar på Vestlandet.

Universitetet i Bergen etablerte i 2011 Senter for Griegforskning i samarbeid med Bergen Offentlege Bibliotek og Edvard Grieg Museum Troidhaugen. Senteret er en base for studium av Edvard Griegs musikk og musikk på Vestlandet generelt.

### Om musikkterapi ved Griegakademiet

Griegakademiet tilbyr grunnutdanning, vidareutdanning og PhD-utdanning i musikkterapi, og bidreg slik til utviklinga av musikkterapi som profesjon i helsevesen og samfunn. Som forskingsfelt ved GAMUT, er musikkterapi definert som studiet av musikk og helse. Musikkterapifaget er såleis ikkje avgrensa til utforsking av musikkterapi som klinisk praksis, men omfattar også studiet av musikk som ressurs for helse og utvikling i ulike kvardagskontekstar. Som fag og forskingsfelt søker musikkterapi difor å utvikle tverrfaglege samarbeidsrelasjonar ikkje berre til aktuelle helsefag, men også til humaniora og samfunnsvitenskapane. Den som vert tilsett i stillinga vil få høve til å delta i fagteamet sitt arbeid for heilskapen i musikkterapifaget og for å utvikle ein visjon og posisjon for musikkterapi som eit nytt universitetsfag i utvikling.

UiB samarbeider med Uni Research om å utvikle GAMUT, med mål om å utvikle eit forskingssenter på internasjonalt nivå, sikre adekvat kunnskapsutvikling innan universitetsfaget musikkterapi, og utvikle samfunnsrelevant kunnskap om samanhengar mellom musikk, helse og utvikling. For komande femårsperiode er arbeidet med dei to siste målsetjingane m.a. knytt opp til eit forpliktande samarbeid i POLYFON: Vestnorsk nettverk for musikkterapiforskning og praksisutvikling.

### Om stillinga

Den som vert tilsett i stillinga må utvikle sitt eige prosjekt innanfor fagfeltet. Det er ein føresetnad at den som vert tilsett gjennomfører prosjektet i løpet av tilsetjingsperioden.

Den som vert tilsett, vert teken opp på doktorgradsprogrammet ved Universitetet i Bergen. Stipendiatstillinga har som hovudmål å leie fram til ein ph.d.-grad, som kvalifiserer for sjølvstendig forskingsverksemd, og for anna arbeid i samfunnet som krev særleg kompetanse.

Stipendiaten vert tilsett med plikt og rett til å ta del i undervising, eksamensarbeid og/eller forskingsadministrasjon i 25 % av stillinga i tilsetjingsperioden, dette etter dei studieordningane som gjeld til kvar tid.

Tilsetjing i stipendiatstilling krev at ein har sin daglege arbeidsplass ved Universitetet i Bergen og rettar seg etter dei retningslinene som til ei kvar tid gjeld for stillinga.

Meir informasjon kan ein få ved å vende seg til programkoordinator Simon Gilbertson (tlf. +47 452 48 980, e-post [simon.gilbertson@uib.no](mailto:simon.gilbertson@uib.no)), leiar for GAMUT Brynjulf Stige (tlf. +47 971 69 746, e-post [brynjulf.stige@uib.no](mailto:brynjulf.stige@uib.no)), eller instituttleiar Frode Thorsen (tlf. +47 55586979, e-post

frode.thorsen@uib.no) ved Griegakademiet - Institutt for musikk.

Ein bedømmingskomité vil vurdere søknadene. Hovudkriteria ved vurderinga er søkjaren sitt forskingspotensial, slik det går fram av prosjektskissa, hovudfags-/ mastergradsoppgåva, og andre vitenskaplege arbeid (dersom tilgjengelege).

### Løn

Løn etter lønnssteg 50 (kode 1017/LR 20/alt.8) i Statens lønsregulativ (for tida: NOK 429 400 årleg). Vidare opprykk på lønnsstigen skjer etter tenesteansiennitet i stillinga. Frå bruttoløna vert det trekt 2 % til pålagd medlemskap i Statens pensjonskasse.

### Andre opplysningar

Den statlege arbeidsstyrken skal i størst mogleg grad spegle mangfaldet i befolkninga. Det er difor eit personalpolitisk mål å få ei balansert alders- og kjønssamansetning og rekruttere personar med nedsett funksjonsevne eller innvandrarbakgrunn. Personar med innvandrarbakgrunn eller nedsett funksjonsevne blir oppmoda om å søkje stillinga.

Universitetet i Bergen nyttar meirinnsyn ved tilsetjing i vitenskaplege stillingar. Opplysningar om søkjaren kan verte gjorde offentlege sjølv om søkjaren har oppmoda om ikkje å bli ført på søkjarlista. Dersom oppmodinga ikkje vert teken til følge, skal søkjaren varslast om dette.

### Slik søker du på stillinga

Søknaden skal sendast elektronisk via link på denne sida «Søk stillinga».

Søkjaren må nytte det elektroniske CV-skjemaet. I tillegg må dette følgje søknaden:

1. prosjekttale (inntil 5 sider), og namn på føreslegen rettleiar
2. framdriftsplan for prosjektet
3. litteraturliste for prosjekttalen
4. eit kort samandrag av hovudfagsoppgåva/masteroppgåva (inntil 3 sider)
5. vitnemål frå universitet/høgskule (skanna versjon) som viser at du har relevant utdanning
6. liste over eventuelle vitenskaplege produksjonar

Vedlegga kan vere i Word- eller pdf-format. Vitnemål og eventuelle vitenskaplege produksjonar må vere på eit skandinavisk språk, tysk eller engelsk. Omsette vitnemål og vitenskaplege arbeid må vere fakultetet i hende innan søknadsfristen.

I tillegg gjeld følgjande krav: <http://www.uib.no/hf/21760/veiledning-søkere-til-stipendiatstillinger>

Papirkopi av vitnemål og attestar skal berre sendast dersom du får melding om det.

**Søknadsfrist: 10.05.2015**

**Søknaden merkjast: 15/2852**

### Tilleggsinformasjon

**Arbeidssted:**